

Høgskulen i Volda

Historisk institutt

HI 204

Lokal, familie og mikrohistorie

Vårsemesteret 2014

Eksamensoppgåve



Hesten i Naustdal – Bruk og avl i tidlegare tider

Inger Grønntun

Kandidatnummer 112

Studentnummer 060741

¹ Bryllaupet til Jakob og Oliana i 1907. Jakob kom frå Reiakvam, og Oliana frå Stehoggane. Begge desse gardane ligg i den nedre delen av dalføret Naustedalen. Skyssen gjekk føre seg med hest og karjol. Ein rett vakker hest, ser det ut som! Privat bilete, Jakob og Oliana er tippoldeforeldre til dei to yngste sønene mine.

Innhald

Innleiing.....	3
Hesten i Naustdal i tidlegare tider – Kva veit vi?.....	4
Hestetel – Kor mange hestar fanst det i bygda?	4
Sunnfjordhesten – Korleis såg han ut?.....	5
Kva vart hesten nytta til i tida før 1850-1900?.....	6
Transport og jordbruksarbeid	6
Reiding eller kløvjing	8
Hestehandel og avl for sal	8
Hesten går inn i jordbruket for alvor.....	10
Store omsiftingar frå midten av 1800-talet.....	10
Nye reiskapar til hesten førde til behov for nytenking i avlen	11
Lagsarbeid og hestemiljø på 1900-talet	12
Skiping av hestealslag på Vestlandet	12
Organsering av hesteavlen i Naustdal.....	13
Oppgåvene til hestealslaga	15
Mot nye tider.....	16
Oppsummering.....	17
Litteraturliste.....	19

Innleiing

I oppgåva mi vil eg ta føre meg hesteavl og hestehald i bygda Naustdal i Sunnfjord, frå kring år 1700², og fram til bilen og traktoren tok over oppgåvene til hesten etter 2. verdskrigen. Eg vil også trekke nokre linjer vidare fram til i dag. Hesten hadde ein sentral plass i bygde-Noreg i tida før maskinane tok over i jordbruket, og før bil, buss og fly overtok transporten av varer og menneske frå stad til stad. Hest og folk var nært knytte saman, og gjekk i lag i kvardag og fest, i arbeid, glede og sorg. Eg har vald å skrive ut frå fylgjande problemstilling: Kva plass hadde hesten i bygdesamfunnet Naustdal i Sunnfjord i den tida då han framleis var eit nyttedyr? I teksten vil eg byrje med å seie litt om hesten i Naustdal i tida før organisert avl tok til³. Kor mange hestar var det her, kva vart dei nytta til, og korleis såg dei ut?

Ei viktig attåttnæring for bøndene i Naustdal var i mange år avl og sal av hest, og eg har difor teke med eit eige avsnitt om dette. Vidare seier eg noko om starten på organiseringa av hesteavlen i Naustdal, med skiping av avlslag og hald av lagshingstar⁴. Bruken av hesten endra seg ein del frå slutten av 1800-talet og utover på 1900-talet, ettersom nye reiskapar i jordbruket vart tekne i bruk og vegane vart bygde ut, og denne omlegginga skal eg seie litt om. Etter kvart vart hesten overflødig, og gjekk over til å vere eit hobby- og fritidsdyr. Eg kjem ikkje til å gå inn på dette i oppgåva, berre å seie noko kort om overgangen, og korleis det påverka talet på hest, og hesteavlen i bygda. Bruksområda for hesten var elles mange, men sidan plassen i oppgåva er avgrensa, vel eg å ikkje gå nærare inn på til dømes transport, vegbygging og skysskøyring, bruk av hesten i skogen, og hesten si oppgåve i festlege og sørgjelege lag (til dømes i bryllaup og gravferd).

Sunnfjord ligg i Sogn og Fjordane, og Naustdal ligg mellom dei to bykommunane Førde og Flora⁵. Naustdal kommune er tredelt: Vi har ”Dalen”, ”Sentrum” og ”Fjorden”. Naustdal sentrum ligg nede ved Førdefjorden, ved utløpet til elva Nausta. Det vi kallar ”Fjorden” er alle gardane og husa som ligg langs fjorden ut til grensa mot Flora kommune. Ein stor del av dette området tilhørde gamle Vevring kommune, som vart slegen i hop med Naustdal i 1964.


² Årsaka til at eg ikkje går lenger tilbake er mangel på kjelder frå tida før 1700.

³ Organisert avl på hest i Noreg tok fyrst og fremst til i perioden etter 1850, og det tok enno fleire tiår før avlen verkeleg var sett i system.

⁴ Lagshingstar er hingstar hestealslaga eig eller leigar, og som medlemene kan nytte til avl på merrene sine.

⁵ Kommunen fekk dei noverande grensene sine i 1964, etter samanslåing med nabokommunen Vevring. Samtidig vart delar av gamle Naustdal kommune (sørsida av fjorden) overført til Førde, og delar av gamle Vevring kommune vart overført til Askvoll. Garden Steindal vart lagt til Flora kommune. Jamfør Kleiveland (1999)

Dalføret frå sentrum og langs elva heilt til fjells kallar vi ”Naustedalen”, eller berre ”Dalen”. I oppgåva mi er det fyrst og fremst dette siste området (Dalen) eg vil fokusere på, og i dei delane av teksten der eg tek føre meg perioden før kommunesamanslåinga, er det Naustdal kommune eg skriv om, Vevring vert ikkje teken med her.



Kart som visar Naustdal kommune.

Frå sentrum (gul prikk), ser vi den delen vi i daglegtale kallar ”Fjorden”, strekke seg mot vest langs Førdefjorden. Den delen som ligg nordaust for sentrum, kallar vi ”Dalen”⁶

Hesten i Naustdal i tidlegare tider – Kva veit vi?

Hestetall – Kor mange hestar fanst det i bygda?

Noko av det fyrste vi veit sikkert om hestar og hestehald i Naustdal, finn vi i oversyn over kvegskatt og matriklar frå eldre tider. Albert Joleik fortel i *Sunnfjordsoga* frå 1959 at det var stor skilnad mellom dei ulike bygdene i Sunnfjord når det gjaldt talet på hestar, samanlikna med talet på bønder. Naustdal hadde i 1667⁷ 195 bønder og 173 hestar⁸. For heile Sunnfjord auka talet på hestar med om lag 17 % frå 1667 til 1723, og med heile 100 % frå 1667 til 1855. Årsaka til denne store auka var at folk i tida frå 1723 og frametter i stor stil tok til med å ale hestar for sal. Det finst ikkje nokon eksakt datering på kor tid slikt sal kom i stand, men oppgåver over ekstraskattar frå 1760-åra fortel at det på den tida var vanleg i alle Sunnfjordbygder å selje øyker til numedølar og hallingar som kom og kjøpte. Etter kvart vart det også tradisjon at hestar vart omsatt på marknader i Førde, på Lærdalsøyri og på Sandane⁹. Geir Kleiveland, som har skrive bygdebøkene for Naustdal, oppgjev talet på hestar i Naustdal i 1723 til 194¹⁰, og han seier då at det var hest på så godt som alle bruk i bygda. I 1808 fortel han at ein fjerdepart av gardane hadde 2 hestar¹¹.

⁶ Kartet er henta frå NRK Sogn og Fjordane sitt Fylkesleksikon:

<http://www.nrk.no/sf/leksikon/index.php/Naustdal>

⁷ Der Joleik (1959) skriv 1667 skal det truleg vere 1665. Han opererar med årstala 1657 og 1665 i stykket s. 64-67 om øykene i Sunnfjord, men i teksten er talet 1667 brukt ei rekkje gongar.

⁸ Kleiveland (1999) skriv 174 hestar i 1665, det vil seie at det var hest på 4 av 5 bruk

⁹ Joleik, 1959, s. 67

¹⁰ Kleiveland, 1999

¹¹ Kleiveland, 1999, s. 202-203

Naustdal var ei av dei bygdene i Sunnfjord som merkte seg ut med eit spesielt høgt tal hestar i 1855, då var det heile 1,64 hestar i snitt per gardbrukar i soknet. Joleik (1959) hevdar at dette var på grunn av at bygda var kommen langt med å ale hestar for sal, det var ikkje meir øyk fordi dei brukte dei meir til gardsarbeid og skogbruk enn i dei andre bygdene. Nordang (1955) fortel at Sogn og Fjordane er det fylket som alltid har avla mest hest i forhold til folketalet, og at hesteval og interessa for hest har vore stor alltid. Kva han definerar som ”alltid” er det ikkje sagt noko om, men som vi ser av tala til Joleik over, så ser det ut som om det var fyrst i tida etter 1700 at ein for alvor tok til med å avle hest for sal. Sidan oppdrett og sal av hest var ein såpass viktig næringsveg for naustedølane, skal eg sjå meir på dette i eit eige avsnitt.

Sunnfjordhesten – Korleis såg han ut?

Den typen hest dei hadde i Naustdal frå gammalt av, var det som gjerne vart kalla ”Sunnfjordhest”. Vi veit ikkje mykje om korleis denne gamle typen hest såg ut, bortsett frå det vi har fått vite gjennom skifte og andre skriftlege beskrivingar. Lyssand (1951-1952) fortel om ei melding frå Sunnfjord frå slutten av 1700-talet, som seier at fargen på hestane var raudbrun, både lyse og mørke, og av og til med lys man og hale, samt blakk, skimmel og kvit. Den vanlege høgda på øykene var 2 alen og 2-3 stolpar¹². Hestane vart tidleg sett i arbeid, og dei vart dårleg fôra, skriv Joleik (1959), som også fortel at dei vart sett tidleg inn i avlen.

O. O. Bakke (1946) fortel etter A. Helland at den mest opphavlege hesten på Vestlandet var den ein kunne finne i Sunnfjord. Denne hesten hadde mange feil, og det kunne gjerne skuldast dårleg oppal. Arentz skreiv at fargen på hesten var raudbrun, mest svart, og stundom med kvit man og hale, og at mykje hest vart avla for sal til lærdølar, hallingar og valdrisar¹³. Også Joleik (1959) har fortald mykje om ymsande fargar på hesten i Sunnfjord i eldre tid, og han hevdar at den blakke fargen vi finn hjå fjordhesten i dag var svært uvanleg tidlegare¹⁴.

¹² Lyssand, 1951-1952, s. 96. Joleik (1959) skriv det same om høgda på hestane, som vart melte når det var snakk om innkjøp av dyr til militært bruk. I 1790-åra var den vanlegaste storleiken 2 stolpar over alninga. Ei alning er 2 alner over jorda, og ein stolpe er om lag 2 cm. (Joleik, 1959, s. 70). Det vil seie at hestane berre var kring 130 cm høge, og viss vi enda til kan gå ut frå at dei vart melte med bandmål (der ein la stolpemålet langs etter hestekroppen), så må ein rekne med at dei etter dagens målemetodar med stangmål ikkje ville nådd meir enn rundt 120 cm over marka i mankehøgda. Då snakkar ein om små hestar, rundt 25 cm mindre enn vanleg høgda på fjordhesten i dag. Sorenskrivar Arentz skriv om Sunnfjordhesten kring 1780 at han var 2 alen og 2-3 stolpar (Ref. i Bakke, 1946), og det er truleg han både Joleik og Lyssand har nytta som kjelde.

¹³ Jamfør Bakke (1946), s. 107-108

¹⁴ Joleik, 1959, s. 69



Ikkje var han stor, og heller ikkje særleg vakker, den gamle Sunnfjordhesten.

Bilete frå Helle i Naustdal, om kring år 1900¹⁵.

Kva vart hesten nytta til i tida før 1850-1900?

Transport og jordbruksarbeid

Hesten var nytta til ulike oppgåver på gardane, men det er viktig å vere klar over at mykje av det vi i dag tenkjer på som typisk bruk av hest før i tida, slettes ikkje var vanleg før fram mot 1900-talet. Ein hadde mellom anna ikkje veger, så køyring med hest og vogn var lite vanleg. I det heile teke må doningar med hjul på ha vore lite i bruk, då det ikkje fanst plassar å køyre med slikt. Veggen oppover i Naustedalen var ein gamal rideveg, slik det var vanleg at veger var på den tida, og frå tid til anna vart han vølt litt på, slik at ein skulle kunne komme fram der med slede¹⁶. Fyrst frå 1871 kom det framlegg om å legge om vegen, slik at det vart lettare å ta seg fram der.

Ei alvorleg hindring for ferdsel var storelva (Nausta) som måtte kryssast fleire plassar på veg oppover i dalen. Om vinteren kunne ein krysse elva på isen, viss det var god is. Når ein skulle krysse elva om sommaren, måtte vassføringa vere lita, eller ein måtte krysse ho på særskilde vadestader. Fyrst midt på 1800-talet tok ein til med å byggje bruer i nokon særleg grad, og dei fyrste vart ofte tekne av flaum¹⁷. Å bruke hesten til transport og frakt om sommaren med vogn eller kjerre var difor ikkje noko som var vanleg i Naustdal før godt innpå 1900-talet. Slede vart brukt ein del til å køyre inn høy med, og øyken kunne dra inn store lass med høyslede i unnabakke¹⁸. Ein nytta også slede til å køyre ut møk på.

¹⁵ Frå Kleiveland, 1999, s. 290-291

¹⁶ Kleiveland, 1999, s. 392-393

¹⁷ Kleiveland, 1999, s. 392. Indrekvambrua var særleg utsett, og mellom anna fór heile brua i eit isres i 1926.

¹⁸ Joleik, 1959, s. 73



Frå tunet på bruksnummer 1 på Byrkjeland, kring 1903. Her held dei på med høynn, og har fått rive på hesten. Vegen gjekk gjennom tunet, slik det var vanleg på den tida¹⁹.

Før dei store omleggingane i jordbruket på 1800-talet var det ikkje mange jordbruksreiskapar til hest, så biletet vi ofte ser for auga våre av øyken med slåmaskin, hesterive eller potetopptakar, det er i grunn relativt nytt. Den gamle varianten av plogen, som i Sunnfjord vart kalla *vangsne*²⁰, var derimot i bruk, og vi høyrer om denne i bøker frå kring 1680. Ei tid etter 1700 var det vangsne på alle gardar som hadde hest, og denne reiskapen likna visst etter beskrivingane mest på ein lett hyppeplog/hestehakke. Sidan han var så lett (vel 2 kg) var han lite eigna til å skjere i grasmak med, så han vart nok helst nytta i gamal åker med møyrmold²¹.

Vi finn hestereiskapen i skifteopplysningar frå eldre tider, og veit frå desse mykje om kva som fanst på gardane. Horv med tindar kom visst ikkje i bruk før etter 1800, medan rishorv til å smuldre møk på jordene kan ha komme i bruk lenge før²². Å pløye, horve, køyre ut møk, og å dra inn høy på slede var altså dei mest vanlege oppgåvene i jordbruket for hesten før dei nye reiskapane kom i bruk, i perioden mellom 1850 og 1950. Joleik (1959) fortel at seletøyet som er nemnd i arveskifta oftast er brystselar/bringeselar. Desse høver dårleg til å trekke tungt med. Nokre plassar hadde dei både brystsele og bogtresele²³.

¹⁹ Kleiveland, 1997, s. 573. Rett ovanfor Byrkjeland er det ein bratt stigning, der vegen i våre dagar går langs eit trangt elvagjel som kallast Styggelia. Tidlegare gjekk vegen opp Bjønnabakkane, og der var det tungt for hestane å dra lass. Folk frå lenger inne i dalen køyrde ofte med slede ned til Byrkjeland, fekk sette sleden att i tunet på biletet, og lånte vogn vidare til Naustdal sentrum. Snøen låg lengre innover i dalen.

²⁰ Det gamle namnet *ard* er visstnok aldri nemnd i skrivelser frå Sunnfjord (Joleik 1959, s. 71)

²¹ Joleik, 1959, s. 71

²² Joleik, 1959

²³ Joleik, 1959, s. 73



Reiding (kløvving) med hest.
Frå Smådalsstølen i Naustdal²⁴.

Reiding eller kløvving

Hesten vart også nytta til å dra fram ved og tømmer i skogen, og han vart brukt til det vi i Sunnfjord kallar *reiding*, og som i mykje av resten av landet kallast *kløvving*, altså å bere ting på ryggen. Sidan det som nemnt ikkje fanst vegar, var reiding ein grei måte å få frakta med seg varar og utstyr, og mellom anna bar hestane lass opp og ned frå stølane sumarstid, og dei bar opp varer frå sjøen²⁵. Joleik (1959) fortel elles at vi gjennom skifta får greie på at gardane oftast hadde både sele og sal, og etter korleis han forklarar at salane såg ut, må ein rekne med at det fanst både reidesalar og ridesalar, samt kombinasjonar av desse: ”Til salen hørde sers laga kaggar eller flaskur til mjølk og onnor våtvara, og kjestur (korgjer) til andre ting. Mykje vanleg var det og at klyvsalen (reidesalen) var med istig og, nett som ridesalen. –Det var ryse lite av bruer over elvane, so at folk laut ride yve store elvar (på visse vad) um dei skulde kome fram”²⁶. Ein svenske (Rune Norberg) har undersøkt dei gamle saltypene, og komme fram til at kombinerte ride- og kløvsalar truleg har vore nytta i mange distrikt både i Noreg og Sverige heilt sidan folkevandringstida²⁷. Der var mange fordelar med ein slik sal, mellom anna det at ein kunne ri dit ein skulle (til dømes til handelsmannen for å hente mjøl, sild eller andre varar), lesse sakene på hesten, og leide han heim att.

Hestehandel og avl for sal

Ein skal vere klar over at det på store delar av Austlandet vart avla svært lite hest i den perioden då dei for alvor sette inn med bergverksdrift, plankekøyring, skogsdrift og anna

²⁴ Kleiveland, 1999, s. 216

²⁵ Joleik, 1959, s. 74

²⁶ Joleik, 1959, s. 74

²⁷ Olsen, 2011, s. 413

industri som kravde hestekreftar²⁸. Lyssand (1951-1952) fortel at det i mange bygder austafjells knapt fanst ei einaste merr. Ei årsak til dette kunne vere rovdyrplaga, som gjorde føla svært utsette for angrep frå ulv og bjørn, men ei truleg viktigare grunn var den tunge pliktkøyinga²⁹, som kravde hestar som kunne arbeide hardt året rundt. Då høva det betre med hingstar. Lyssand (1951-1952) peikar på at prisane på hest vestfrå var så låge at det lønte seg å handle hest herfrå, framfor å avle sjølv³⁰. Handelssystemet der bondevarar (mellom anna hest) vart seld frå Vestlandet, var svært omfattande til langt innpå 1900-talet, og gjorde det mogleg å strekkje dei knappe ressursane mykje lenger enn det ein kunne greidd med eit reint naturalhushald³¹.

I mange bygder på Vestlandet var klimaet slik at hesten kunne gå ute mesteparten av året og fø seg sjølv. Dyra var små, og dermed billege å føre. Dei beste hingstane vart oftast seld austover som 2- og 3-åringar, og det var dermed gjerne skraphestane som vart gåande att i avlen³². Dette gjorde ikkje akkurat at hestetypen i bygdene vart noko betre kvalitetsmessig, men det hadde gjerne ikkje så stor praktisk betyding. Amtmann i Stavanger, Hans Nobel, skriv i 1723 at: ”Sin ager træde bonden op med en spade, hvorfor han i sin ringe drift kan betjene sig av en ringe hoppe”³³. Som eg alt har vore inne på i avsnittet om bruken av hesten, ser vi at Nobel for ein stor del hadde rett i det. Før dei nye tunge jordbruksreiskapane kom (som til dømes slåmaskina) var oppgåvene hesten hadde ikkje av dei største og tyngste.



Naustedølingen Per Stuhaug dreg med ei hestedrift over Dagali-fjellet i 1930-åra³⁴.

²⁸ Karstad, 1949, s. 15

²⁹ I område der det var bergverksdrift, var bøndene i området rundt (cirkumferensen) ofte pålagt pliktarbeid, som hogst, kolbrenning og transport. Jamfør mellom anna Olsen (2011) og Bjarnar (1996)

³⁰ Joleik (1959) fortel at prisen var mindre enn 2 dalar i 1700, 4 dalar i 1750, og 8 dalar i 1800.

³¹ Myking, 2006, s. 73

³² Lyssand, 1951-1952

³³ Nobel, ref. i Lyssand, 1951-1952, s. 91

³⁴ Kleiveland, 1999, s. 398

Hestehandel hadde, som eg har nemnd tidlegare, stor betyding for naustedølingane, og det er greitt å sjå av talet på hest at dei avla mykje meir enn dei sjølv hadde bruk for. Det vanlege var at nokre karar reiste rundt i bygda og kjøpte opp unghestar, som dei tok med seg austover i store drifter. I seinare tid (1900-talet) er det særleg folk som *Ola Grimset* og *Per Stuhaug* vi kjenner til som har drive med slik handel. Hestane vart bundne i halen på kvarandre når dei gjekk over fjellet, og ferda kunne ta lang tid. Stuhaug dreiv hestane til Vadheim, og derfrå vart dei frakta i båt til Lærdal, og vidare over Filefjell til Valdres. Han selde også hest andre plassar, mellom anna til Stavanger³⁵. Grimset handla med hest lenge, og selde mellom anna mykje fjordhest til Danmark³⁶. Heilt fram til våre dagar har det vore tradisjon blant bøndene i Naustdal (og resten av Sunnfjord) at viss dei har ei merr, så skal ho ha føl kvart år. Slik har det vore frå gammalt av, fordi følet då kunne seljast og gi ei kjærkomma ekstrainntekt. Rett nok har dette mønsteret endra seg noko dei siste 10-15 åra, men eg hugsar at eg reagerte på denne måten å halde hest på då eg flytte til Sunnfjord i 1989. På den tid var det sjølvsgatt ikkje etterspurnad etter føl og unghestar til køyring på Austlandet lengre, og dette resulterte i at mange føl enda sine dagar på slaktehuset.

Hesten går inn i jordbruket for alvor

Store omsiftingar frå midten av 1800-talet

I jordbruket skjedde det store endringar frå midten av 1800-talet, som fekk betyding for korleis hesten vart brukt. Noko av det som hende, var at innmarka, og etter kvart også delar av utmarka, vart utskifta. Tidlegare hadde kvart bruk eigd små jordstykke som låg om kvarandre som eit lappeteppe. Nesten alle gardane i Naustdal var delt i fleire bruk, men dei ulike bruka hadde ofte husa sine samla i lag i klyngetun³⁷. Jordbrukslandet låg kringom tuna, og kvart bruk sine teigar var ikkje samanhengande. Utskiftingsprosessane gjorde at ein bytte (skifte) jord, slik at kvart bruk fekk all innmarkseigedom sin liggande i samanhengande stykke. Dette gjorde det lettare å nytte dei nye jordbruksreiskapane som på den tida vart utvikla, og drifta vart meir rasjonell. I tillegg var utskiftinga ei føresetnad for å dyrke opp nytt land, og særleg frå hundreårsskiftet (1900) vart det dyrka svært mykje ny jord i Naustdal³⁸. Med utskiftingane vart også mange av tunstadane flytte, fordi folk skulle bu der jorda deira låg. Nye driftsbygningar, der alle dyra heldt til i same hus, lukka gjødselkummar og innlagt vatn

³⁵ Kleiveland, 1999, s. 398

³⁶ Kleiveland, 1997, s. 856

³⁷ Kleiveland, 1999, s. 437

³⁸ Kleiveland, 1999, s. 438

var også forbedringar og moderniseringar som hørde den nye tida til. Vidare byrja ein etter kvart å leggje graset i silo³⁹. Andre nyvinningar var kunstgjødsla, som gjorde det mogleg å auke storleiken på avlinga, og kraftfôr til dyra⁴⁰. Sveltefôringa tok slutt, og nye tankar, idéar og opplysing vart spreidd, mellom anna gjennom jordbruksskuler og statstilsette agronomar, som bidrog til framgong og forbedring av dyrestell og plantedyrking⁴¹. Denne nytenkinga førde også etter kvart til endringar i hesteavlen.



Nydyrking på Savland kring 1914⁴²



Nikolai Svoen på Svoa med hesteslåmaskin kring 1920⁴³

Nye reiskapar til hesten førde til behov for nytenking i avlen

Hestereiskapar vart sjølvsgagde frå om kring år 1900, og nokre plassar før. Jarnplog med veltefjøl vart vanleg, og ein tok til med å bruke hesteharv i staden for handrive. Kjerrer med hjul vart tekne i bruk rundt hundreårsskiftet, både til transport av varar og til køyring av møk. Andre nyvinningar var høyvogn og hesterive. Sistnemnde vart vanlege i mellomkrigstida, og då kom også potetopptakaren i bruk⁴⁴. Den nyvinninga som likevel var det absolutt største framsteget, var *hesteslåmaskina*. Ein er ikkje sikker på kor tid den fyrste slåmaskina vart teken i bruk i Naustdal, men frå gardbrukarar er det opplyst at dei kjøpte hesteslåmaskin på Hove i 1865 og på Byrkjeland i 1870. I 1907 var det 53 slåmaskinar i kommunane Naustdal

³⁹ Kleiveland, 1999, s. 439-441

⁴⁰ Kleiveland, 1999, s. 432

⁴¹ Jordbruksskulen på Mo i Førde i Sunnfjord vart starta opp i 1858. Førund (2008) fortel at det etter kvart vart sett på som eit offentleg ansvar å spreie kunnskap til bøndene om jordbruk og gardsdrift, og at det i åra 1833-1843 vart drøfta korleis opplæringa skulle skje. Frå 1850-talet byrja omreisande statsagronomar å reise rundt i landet, og jordbruksutdanningar tok til rundt i fylka (Førund, 2008, s. 16).

⁴² Kleiveland, 1997, s. 347

⁴³ Kleiveland, 1997, s. 404

⁴⁴ Kleiveland, 1999, s. 443-444

og Vevring til saman, men det var fyrst i tida mellom 1910 og den andre verdskrigen at ho vart rett vanleg kring om på gardane⁴⁵.

Den gamle hestetypen som fanst over det meste av Noreg (og også i Sunnfjord) vart ikkje funnen god nok for dei nye bruksområda han no skulle nyttast til. Ein hadde bruk for større og sterkare hest til å trekke slåmaskina og dei andre nye og revolusjonerande reiskapane, og ein trong raskare hest til køyring og skyssing på dei nye vegane som vart bygde⁴⁶. Dette var bakgrunnen for at ein for alvor frå statleg hald tok til med å setje i gang tiltak for å forbetre hesten på Vestlandet. I fyrste omgang kjøpte staten, og seinare fylka, inn hingstar, som vart stasjonerte rundt om i distrikta. Ein sette også i gang med hesteutstillingar. Frå kring hundreårskiftet (1900) vart det vanleg å skipe hesteavlslag i dei ymse bygdene, og dette skjedde også etter kvart i Naustdal. På Vestlandet danna ein hesterasen *fjordhest*, med utgangspunkt i både lokale typar og dyr henta frå Austlandet⁴⁷.

Lagsarbeid og hestemiljø på 1900-talet

Skiping av hesteavlslag på Vestlandet

Tidlegare statskonsulent for fjordhest Jens Nordang har ei grundig utgreiing i boka si *Hesteavlslaget på Vestlandet i nyare tid* (1955) om bakgrunnen for skiping av hesteavlslag. Staten og fylka eigde nokre få hingstar, som vart flytte rundt på bygdene, men det var ikkje nok hingstar til alle, og eit dårleg system. Ofte var det slik at viss eit distrikt hadde stats- eller fylkeshingst nokre år, så vart dei brått ståande nokre år utan. Dermed vart det då nytta dårlege privathingstar som reiv ned at kvaliteten premiehingsten hadde bygd opp. I tillegg var det slik at stat og fylke kjøpte dei beste hingstane på utstillingane. Resten vart kjøpt av private, som var svært flinke både til å agitere for sine eigne dyr og å rakke ned på dei offentlege hestane⁴⁸.

Nokre hesteavlslag vart skipa kring 1900, og desse fekk litt tilskot til kjøp av hingst, men ikkje til stell og fôring. Resultatet vart ofte at laga lei store økonomiske tap, og nokre av dei vart lagt ned, eller drifta låg nede i nokre år. Eit døme på dette er laget i grannebygda til Naustdal: Eikefjord. Hesteavlslaget i Eikefjord kjøpte hingst alt i 1909, men frå 1918 til 1935

⁴⁵ Kleiveland, 1999, s. 444

⁴⁶ Karstad (1949, s. 23) skriv at kravet om større hest for alvor tok til kring 1860-1870, med vegbygging, meir omfattande bruk av hestereiskapar til jordarbeiding, og omlegging til meir kjøp og sal av varar. I varetransporten hadde ein bruk for sterkare og større hest.

⁴⁷ Karstad, 1949

⁴⁸ Nordang, 1955, s. 42-43

hadde dei ingen hingst eller synleg drift av laget⁴⁹. Då Nordang vart statskonsulent forstod han at ordninga med stats- og fylkeshingstar måtte vekk, og i staden for vart det no ytt tilskot direkte til hesteavlslaga, både til innkjøp og hald av hingstar. Nordang var den fyrste statskonsulenten som berre hadde ansvar for vestlandshesten/fjordhesten, og han tok til i embetet sitt i 1922. Frå den tid vart det fortgang i arbeidet med å få i gang avlslag rundt i alle bygder⁵⁰. Naustdal var ei av dei mange plassane der det vart starta med organisert hesteavl i denne perioden.

Organsering av hesteavlen i Naustdal

Hestealslaget i Naustdal vart skipa i 1932⁵¹. Intensjonen med laga var å halde hingst, og laga vart skipa av lokale bønder som *lutlag*. Dei som ynskte å vere medlemmar betalte inn ein pengesum i laget, og åtte då ei lut. For pengane vart det handla hingst, som medlemmane kunne nytte til merrane sine. Vassliås (2005) fortel at når avlslaget i Naustdal ikkje kom til før i 1932, kan det ha si årsak i at ein del hestekarar var ivrige med å halde eigne private hingstar her, som bønder i området kunne bruke. Desse private hingstane var av god kvalitet, og dermed var det mindre viktig med eit lag⁵². Som nokre døme på dette finn ein mellom anna i stambok 2 for vestlandshest (1923) bonde Andreas O. Skaflestad, som mellom 1911 og 1913 hadde hingsten *Granke 507* frå Breim. *Grim 534* frå Stryn var eigd av Ola Grimset mellom 1911 og 1913. Denne hingsten var så god at Grimset fekk seld han til staten, som plasserte han i Kvinnherad. Ein kan nemne fleire slike døme. Det er tydeleg at ein del bønder i Naustdal hadde stor interesse for hest og hesteavl, sidan dei tok seg bryet med å kjøpe og stille ut gode hestar. Den nemnde Ola Grimset var også hestedommar i mange år, og det same var Ola Fimland, ein annan naustedøling. Både Grimset og Fimland var også aktive i lagsarbeidet, og Fimland var mellom anna leiar i Sunnfjord hestealslag frå 1945⁵³.


⁴⁹ Vassliås, 2005, s. 61

⁵⁰ Nordang, 1955, s. 45


⁵¹ Laget i Vevring vart skipa alt i 1927 (Vassliås, 2005). Etter kommunesamanslåinga vart laga i Naustdal og Vevring slått i hop, til Naustdal og Vevring hestealslag. Seinare skifte laget namn til Naustdal og Vevring fjordhestlag, som det heiter i dag.

⁵² Vassliås, 2005, s. 64

⁵³ Vassliås, 2005, s. 15. Sunnfjord hestealslag (no Sunnfjord fjordhestlag) vart skipa i 1930, og er ein samanslutning (paraplyorganisasjon) med representantar frå dei ulike lokale hestealslaga i distriktet. Naustdal hestealslag vart ikkje skipa før i 1932, men nye lokallag vart tekne med i Sunnfjord hestealslag etter kvart som dei vart grunnlagt.



Ola Fimland⁵⁴



Ola Grimset med Hombre 877, den fyrste hingsten
til Naustdal hestealslag⁵⁵

Ein kan lure på kva som gjorde at naustedølingane kjøpte inn hingstar, og tok til med å ivre for hesteavl. Kan hende det var med eit ynskje om å forbetre den lokale hestebestanden, for å oppnå betre prisar på salshestane sine? Som tidlegare nemnt avla Naustdal mykje hest for sal, men samtidig var Sunnfjordhesten av ringt slag i høve til dei hesteslaga dei etter kvart hadde avla fram i Nordfjord, på Sunnmøre og i einskilde bygder i Hordaland. I fleire av desse bygdene hadde ein kort veg over til Austlandet, og dei kunne dermed få nokre gode avlsdyr med seg derfrå, som var eigna til å forbetre den gamle vestlandshesten. Ved å handle hestar frå dei distrikta som var komne lenger med avlen, så tenkte vel naustedølingane at dei ville få meir attraktiv handelshest, samtidig som dei auka opp storleik og styrke og fekk betre eksteriør på hestane dei sjølv skulle nytte på gardane sine.

Også lokalt fødte hingstar vart nytta i avl, og hjå desse kan vi finne fleire av dei gamle fargane frå den gamle sunnfjordhesten. Som døme kan det takast med at Ole Aase hadde ein gråskimlet hingst som heitte *Tordenskjold*⁵⁶, og Johannes J. Reiakvam hadde ein brun hingst ved namn *Veslebrunen* i 1900⁵⁷. I det heile teke finn vi ein del hest frå Naustdal i dei tidlege stambøkene, men mange av desse var innkjøpte, eller hadde mor eller far frå andre distrikt, som sto lenger framme i avlen. Johannes M. Reiakvam hadde til dømes ei merr frå 1908 som heitte *Helga*⁵⁸, og var fødd i Innvik. Ho var dotter av *Dagmar 197*, og av dei beste slekter innafor fjordhestavlen på den tida. Kan hende var ikkje dei reint lokalt avla hestane gode nok til å få premier eller for å bli foreldre til premiedyr?

⁵⁴ Vassliås, 2005, s. 15

⁵⁵ Vassliås, 2005, s. 64

⁵⁶ Far til Fjellgubben 379, i stambok 2 for vestlandshest

⁵⁷ Far til Sigrid 482, i stambok 3 for vestlandshest

⁵⁸ Mor til Borka 872, i stambok 3 for vestlandshest

Ein annan faktor som kan ha spela inn på at hesteavlslaget i Naustdal vart skipa seint, var tilgongen til stats- og seinare fylkeseigde hingstar som stod i Førde⁵⁹. Rett nok var det ei lengre ferd til Førde på den tida, då det enno ikkje fanst veg, men gamle ferdselsårer gjennom mellom anna Trodalen og over Åsedalen kunne nyttast⁶⁰, og her hadde det trakka både folk og dyr gjennom uminnelege tider. I Førde vart det plassert ut ein del av dei hingstane som staten eigde, heilt frå 1860 og frametter. Også fylket (Nordre Bergenhus amt) kjøpte hingstar og sette dei på stasjon hos bønder rundt om, slik at dei kunne nyttast i avl. Hingsten *Veslegråen* 139 sto i Førde frå 1890, og er ein av dei som også vart nytta ein del til merrer frå Naustdal.

Oppgåvene til hestealslaga

Hestealslaga hadde to viktige hovudoppgåver, som begge var til fremje for hesteavlen. Dei skulle halde hingst som medlemne kunne nytte, og dei var med på å arrangere unghestsjå rundt i bygdene. Det var statskonsulenten (altså i fyrste omgang Jens Nordang) som reiste rundt og dømde hestar på unghestsjå, i lag med lokale dommarar, som Grimset og Fimland som alt er nemnd. Heile våren reiste Nordang rundt på Vestlandet, og i kvar minste bygd og avkrok vart det helde unghestsjå. Her kunne ein stille ut merrer og hingstar på 1, 2 og 3 år, i tillegg til at ein kunne komme med vaksne merrer for å få dei vurderte av dommarar. Viss desse merrane var gode nok, kunne dei bli lønna med fri bedekking, og/eller dei kunne bli kåra til stamboka (tekne inn i stamboka for vestlandshest/fjordhest). Ei god historie seier at ein kar i Naustdal kom med ei merr for å få ho vurdert, og dette måtte vere tidleg i Nordang si tid. Statskonsulenten såg på merra, og uttala at ”Nei, denne kan ikke innvilges fri bedekning, for denne ser ut som et av skogens ville dyr!”⁶¹. Dette seier gjerne noko om kvaliteten på hestane (i alle fall nokre av dei) i tida før avlen vart sett i system i bygda.

Unghestsjåa var viktige for å vise fram dei dyra som vart fødd etter laget sin hingst. Her kunne ein sjå om hingsten heldt mål, om han gav gode avkom. Den fyrste hingsten til Naustdal hestealslag heitte *Hombre* 877, og det var ein god hest, som vart bruka i laget i fleire år. Seinare fylgde *Harald* 1008, *Pluggen* 1108, *Dragjord* 1000, *Torbein* 1493 og *Heggmann* 1528, for å nemne nokre. Naustedølingane var flinke til å ale hest, og av lokallaga i Sunnfjord er det Naustdal som har avla flest merrer som har fått 1. premie på utstilling⁶².

⁵⁹ Vassliås, 2005, s. 8

⁶⁰ Jamfør Kleiveland, 1999, s. 388. To ruter vart mykje brukte frå Naustedalen til Førde. Den eine gjekk gjennom Trodalen til Kvål i Angedalen, og den andre gjekk frå Åse, ned mot Rotenes og til Førde. Vegen mellom Førde og Florø, som kunne køyrast med bil eller hest, vart ikkje opna før i 1937.

⁶¹ Attfortald til meg frå Oddvar Vassliås

⁶² Vassliås, 2005



At hesten var viktig på garden kjem mellom anna til uttrykk når vi ser kor sjølvskrive han er som deltakar på familiebilete. Til venstre huslyden på bruksnummer 1 på Reiakvam kring 1915⁶³, og til høgre far og tre soner, kring 1910 på Kleiva, bruksnummer 1⁶⁴.

Mot nye tider

Etter at hesten vart teken i bruk som viktig arbeidskraft framfor slåmaskin, potetopptakar, hesterive og andre reiskap, vart han ikkje til å unnvere på gardane i Naustdal. Sal til andre landsdelar heldt også fram, og det vart i tillegg eksportert mykje hest, mellom anna til Danmark. Ein av dei som selde hest til danskane var Ole Grimset. Han var som nemnd både hesteoppdrettar og dommar, i tillegg til at han stilte ut hestar og handla med dei⁶⁵.

Hestetalet i kommunen auka jamt og trutt frå 461 i 1891, til 600 i 1917, litt ned att seint i 20-åra, og opp til heile 678 dyr i 1939⁶⁶. Om ein les utstillingskatalogar frå tida kring 2. verdskrigen er dei tjukke som leksikon, og stambøkene like så. Hestesjåa var storhendingar i bygda, og som trekraft og arbeidskraft var det stolte dyret av stor betyding. Hesten si glanstid vart likevel kort, for i tida etter 2. verdskrigen byrja mekaniseringa for alvor, og traktoren og bilen tok over oppgåvene hesten hadde hatt. I 1947 kom den fyrste traktoren i bygda, og utover på 50-talet auka det på med både motorslåmaskinar og traktorar⁶⁷. I 1949 var talet på hestar, rekna ut frå dei gardane som i dag høyrer til Naustdal kommune, minka til 354, og i 1959 var det berre 273 hestar att. Nedgangen heldt fram, og i 1969 var ein nede på 136, og i 1979 var det telt berre 72 hestar i kommunen. Fleire og fleire gjekk over til traktor i jord- og skogbruket, og hesten vart overflødig som nyttedyr. Dei mest interesserte og ihuga

⁶³ Kleiveland, 1997, s. 106

⁶⁴ Kleiveland, 1997, s. 309

⁶⁵ Vassliås, 2005, s. 69

⁶⁶ Kleiveland, 1999, s. 431. Tala er samla for Naustdal og Vevring kommunar, slik dei var før grensene vart endra i 1964. Noverande Naustdal kommune utgjer om lag 70-75 % av desse gamle kommunane til saman.

⁶⁷ Kleiveland, 1999, s. 573

hestekarane heldt likevel fram med å ha ei merr eller to på gardane, og det var dei som heldt liv i fjordhesten, avlslaget og interessa⁶⁸.

Alt mot slutten av 60-talet ser ein at ein del hestefolk byrjar å tenke på nye bruksområde for fjordhesten. Folk har fått meir pengar mellom hendene, og ferie, fritid og hobby byrjar å bli realitet for mange, velferdsstaten veks fram. Debattane går heite i landbruksblada om kor vidt ein skal legge om fjordhestavlen⁶⁹, og satse på lettare og meir sportsprega individ til ride- og køyrebruk, men det tek lang tid for trendane å snu, og den kraftige og sterke arbeidsfjordhesten held stand i mange år enno. På 80-talet byrjar ein for alvor å merke interessa for hobbyhesten i Naustdal, og det vert skipa ride- og køyreklubb som ei underavdeling til hesteavlslaget⁷⁰. Etter nokre år forsvinn denne klubben att, og vert starta opp att i 1999 som sjølvstendig klubb på sida av fjordhestlaget. Hesteinteressa har teke seg kraftig opp att i kommunen i dei seinare åra, og no finst det kring 70-80 hestar i Naustdal. Det har derimot skjedd ei sterk dreining frå fjordhest til andre rasar, og talet på fjordhest er svært lågt. Av dei fjordhestane som finst att i kommunen er det berre nokre svært få (i snitt om lag 4-5) per år som vert avla på og får føl.

Oppsummering

Vi har sett at den opphavlege hesten i Sunnfjord var liten, og at bøndene ikkje såg nokon grunn til å avle den større. Arbeidsoppgåvene ein nytta han til var ikkje av den art at dei ynskte seg nokon stor og sterk hest, og ein liten hest var billeg å føre. Overskotsavlen vart seld austover, og gav gode ekstrainntekter på gardane. Fyrst då jordbruket vart rasjonalisert og lagt om, og vegnettet vart utbygd, i tida etter 1850, vart det bruk for å forbetre den lokale hestetypen. Stat og fylke sette i gang tiltak, og etter kvart vart det skipa lokale hestealag. Dette skjedde relativt seint i Naustdal, men kvaliteten på hestane i distriktet vart raskt svært god. Etter den 2. verdskrigen vart hesten overflødig på gardane og til transport, men i dei seinare åra har han fått nye oppgåver som hobbydyr, til glede for unge og eldre.

⁶⁸ Tabellen i bygdeboka for Naustdal går fram til 1997, og då er det registrert 41 hestar. Dette er litt interessant, då eg sjølv flytte til bygda det året, og i 98 eller 99 forsøkte eg å telje opp hestane i kommunen. Eg kom då til eit samla hestetall på kring 40, noko som altså ser ut til å stemme godt med realitetane.

⁶⁹ Mellom anna skriv Adolf Aase frå Sunnfjord mykje i "Vestlandsk landbruk" om at ein bør satse på fjordhesten som hobbyhest for barn og unge, viss ikkje ville importerte ponnirasar overta marknaden. Dette fekk han for ein stor del rett i, og svært mange av hestane i Sunnfjord i dag er av andre rasar enn fjordhest.

⁷⁰ Jamfør møtebok for Naustdal og Vevring fjordhestlag, bok 4

Hesten har altså heile tida hatt ein viktig plass, både for å skaffe inntekt (gjennom handel), som nytte dyr i jordbruk og skogbruk, og for å frakte varar og folk, sommar og vinter. I teksten min kunne eg ha skrive mykje meir om dei ulike hingstane avlslaget i Naustdal har hatt, om avlsmerrene, og om menneska som har stått på for fjordhestalet i kommunen. Diverre er det ikkje plass til det her, men eg håpar at eg skal kunne arbeide vidare med dette slik at resultatet kan bli ei artikkel eller eit sogehefte. Kanskje kan eg også finne ut meir om kva som har motivert dei personane som har ivra for hesten og hestealet, og kva som gjer at kjærleiken til fjordhesten er så sterk? Sikkert er det at hesten har hatt stor betyding, og så godt som alle vaksne folk i Naustdal har framleis minne, opplevingar og artige episodar knytte til det dyret som har gjort ei slik viktig jobb med å bygge landet vårt. Slike historier kunne det også vore moro å samle ein gong.

Ca 1925. Ein kar på Hjellja på Kleiva kom en laurdag ne på gamlebrua på Kalland med en nyskoren raublaakk jelke. Da var mykje folk fyr den tid å vere og temmeleg mykje nysnø. Øykjin va onde innkjøring og da han hadde stoppa røste Matiasen seg og steig av longsjesleinj. Me da same gjekk hesten fram sopass fort at han vart fyr sein å komme seg på igjen, men han hadde fast grep i taumane og rollja og vart liggande attai sleinj. Øykjen tok då ut med Matiasen liggandes bak, han hadde godt grep i taumen, men da va midt på slik at begge sidne var like strame, i tillegg hadde jelkjin haue ned og darne mykje makt. I dei dage gjekk dei i vomolskle, og da va ein storvoksen kar. Likevel var han dregen frå Trolljelet dar den gamle Bua stod, yve Kallandsflata i brøyt like te Reinegarflora so sto mylljå Per Sag og Trosesagja itte kjafta. Dar stoppa da opp og Matiasen røste seg opp, snudde øykjen og kjørde tilbake te Bua, inn og handla fyr han kjørde oppatte på Hjellinj. Da vart en svære og kjøyretrygge øyke fyr all ittetid va sagt⁷¹.

⁷¹ Frå Olav Birkeland, fødd 1966, som har høyrd denne historia frå bestefar sin, som var augevitne til hendinga. Skriven på målføret slik vi nyttar det i Naustedalen

Litteraturliste

Bakke, O. O. (1946) *Fjaler i gamle dagar*. Fjaler sogelag

Bjarnar, O. (1996) Marknadens posisjon – Økonomien hos Eiker-bøndene ca. 1650 – 1850. I: Sprauten & Tranberg (red) *Norsk bondeøkonomi 1650 – 1850*. Oslo: Det Norske Samlaget

Førsund, F. B. (2008) *Skulen på Mo 1858-2008*. Førde: Selja Forlag AS

Joleik, A. (1959) *Sunnfjordsoga – Band II*. Flora: Sunnfjord Sogenemnd

Karstad, O. (1949). *Fjordhesten*. Bergen: Varde forlag

Kleiveland, G. (1997) *Naustdal bygdebok, band II. Gards og ættesoge*. Naustdal: Naustdal Sogelag

Kleiveland, G. (1999) *Naustdal bygdebok, band III - Allmennsoge*. Naustdal: Naustdal Sogelag

Lyssand, H. (1951-1952) *Fjordhesten – Frå dei eldste tider og fram til det tjugande hundreåret*. I: *Hordaland landbruksmuseum Årbok 1951-1952*. Bergen

Myking, J. R. (2006) Det tradisjonelle bygdesamfunnet. I: Helle (red) *Vestlandets historie – Samfunn*. Bergen: Vigmostad & Bjørke AS

Møtebok for Naustdal og Vevring fjordhestlag Bok 4. 1983 - 2010

Nordang, J. (1955) *Hestelet på Vestlandet i nyare tid*. Jens Nordangs minnefond.

Olsen, S. M. (2011) *Hesten i handel, industri og bergverk*. Stavanger: Svein Magne Olsen og Dreyer bok

Statens stambokkontor (1923) *Stambok for vestlandshesten, band 2 – 2. utgåva*. Kristiania: Grøndahl & Søn

Statens stambokkontor (1925) *Stambok for vestlandshesten, band 3*. Kristiania: Grøndahl & Søn

Vassliås, O. (2005) *Sunnfjord fjordhestlag 75 år 1930-2005*

Vestlandsk Landbruk, ymse årgangar